

# Reisande i mor og far

Edvard Hoem har det siste året reist landet rundt. Til saman har han halde 132 føredrag om mora og faren.

**Ottar Fyllingsnes**

ottar@dagogtid.no

Det er 32 år sidan Hoem debuterte med *Kjærleikens ferjereiser*, og boka har sidan den tid selt i store opplag. Hoem meiner at ho har selt meir enn *Mors og fars historie*, viss ein tek med skuleutgåve, billegutgåve og bokklubbutgåve.

– Eg hadde ikkje trudd at historia om ein trekant som sykla rundt oppi Gudbrandsdalen skulle vera så hipt at ho nådde fram til det store publikummet.

– **Kva er årsaka til suksessen?**

– Temaet – truskap og kjærleik, som alle er opptekne av. Å sjå til inneheld boka ei biografisk skildring, men eigentleg er det ei komponert, litterær bok.

– **Boka har gjort deg til ein halden mann?**

– Eg kan ikkje klaga. Dette året har vore svært bra, men det vert ikkje så mykje når ein ser eit forfattarliv under eitt.

**Noreg rundt**

Etter at Hoem gav ut *Mors og fars historie*, har han vorte invitert til store delar av landet for å halda føredrag. Han har gjeста bibliotek, kyrkjeakademi, folkeakademi, leseforeiningar, rotaryklubbar og kommunale kulturkveldar. I tillegg har han også vore på Humboldt-universitetet i Berlin, i København og Göteborg for å snakka om boka. Det har vorte 132 føredrag til saman, og det kan verta fleire utover vinteren og våren.

I Forlaget Oktobers haustkatalog står Hoem oppført med ny roman denne hausten, men boka om Peder Bjørnson, far til Bjørnstjerne Bjørnson, er utsett til våren. Det skjedde delvis på grunn av eit omfattande materiale og delvis på grunn av fjorårsboka.

**Rører ved folk**

Ein kjem nært innpå folk når ein reiser kringom og presenterer stoff av den typen som i *Mors og fars historie*.

– Det er ikkje eg som prøver å få folk til å gråte, men det er tydeleg at innhaldet i boka får folk til å tenkja over både eige liv og livet til foreldra. Eg har fått mykje att for desse føredraga. Mest på kvart einaste møte treffer eg tyskarungar eller folk som far har kjent, og det er kanskje det viktigaste. Det er fruktbare møte, og eg får perspektiv på ting som eg ikkje har tenkt over.

**Lydbokforlaget**

I sommar starta Hoem lydbokforlaget «Karviland», som er kallenamn på heimbygda til Hoem.

Forlaget skal i første omgang gje ut tolv av Edvard Hoems bøker som lydbøker. *Kjærleikens ferjereiser* og *Heimlandet barndom* kom no til jul, og sidan følgjer dei andre etter. Sidan kan det verta aktuelt å ta fatt i andre forfattarskap.

– *Heimlandet barndom* er på eit vis band to i *Mors og fars historie*. Ho handlar om oppveksten min i 50-åra, seier Hoem.